



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 14.03.2016

Vår ref.: 2016/3653

Arkivnr.: 611

Hjelmeland kommune
Vågavegen 116
4130 HJELMELAND

Att. Oppvekstrådjevar Ann-Cathrin Berge Kleppa

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Melding om tilsyn etter barnehagelova med Hjelmeland kommune - innsending av dokumentasjon

Etter barnehagelova, lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar, § 9 andre ledd har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunen som barnehagemynde. Fylkesmannen skal ha tilgang til kommunen sine dokument og lokale, jf. kommunelova § 60c.

Det skal gjennomførast tilsyn med temaet kommunen som barnehagemynde. Kommunen er lokal barnehagemynde og skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne etter gjeldande regelverk, jf. barnehagelova § 8 første ledd.

Hovudpunkta i tilsynet vil være:

1. Kommunen som barnehagemynde, jf. barnehagelova § 8.
2. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16.
3. Kommunen si oppfølging av krava til styrar og pedagogisk bemanning, jf. barnehagelova §§ 17 og 18 med forskrifter.

Føremål med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til ei styrking av kommunen sitt ansvar for å sjå til at barnehagane blir drivne etter regelverket. Gjennom kontroll med kommunen sin praksis og etterleving av dei rettslege krava skal eventuell lovstridig praksis avdekkast og rettast opp.

Gjennomføring av tilsynet

Hjelmeland kommune er valt ut som ledd i Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunane i Rogaland. Siste tilsyn med Hjelmeland kommune som barnehagemynde var i 2012.

Tilsynet blir utført ved ein gjennomgang av innhenta dokumentasjon og ved intervju.

Dersom vi avdekker lovbrøt, vil Hjelmeland kommune få eit førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få anledning til å uttale seg i saka. Hjelmeland kommune vil deretter få rimeleg frist til å rette det ulovlege forholdet før vi vedtar eit eventuelt pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er som følgjer:

30. mars	Frist for innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen
19. april	Opningsmøte kl. 10.30 – 11.30
19. og 20. april	Gjennomføring av intervju
Ultimo mai	Utsending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbrøt
2. juni	Sluttmøte kl. 10.30 – 11.30
17. juni	Frist for kommentarar frå kommunen
Ca 22. juni	Utsending av endeleg tilsynsrapport, eventuelt med frist for retting

Fylkesmannen tar atterhald om endringar i planen og vil halde Hjelmeland kommune informert om eventuelle endringar.

Endeleg intervjuplan vil bli utarbeida i samarbeid med kommunen. Vi ønskjer ein kort samtale med rådmannen og intervju med kommunalsjef oppvekstsjef, oppvekstrådgivar og 3-4 styrarar.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vil bli publisert på Fylkesmannen sin nettstad.

Innsending av dokumentasjon

Fylkesmannen ber med dette Hjelmeland kommune å sende inn den dokumentasjonen som går fram av vedlegget til dette brevet. Plikta til å sende inn slik informasjon følgjer av kommuneloven § 60c. Vi ber om at kommunen utarbeider ein oversikt over dokumentasjonen som blir sendt.

Frist for innsending er 30. mars 2016.

Dokumentasjonen som skal sendast inn, kan bare unntakas frå offentleg innsyn i den grad dette er heimla i offentleglova.

Kommunen har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 flg.

Vi har fått opplyst at oppvekstrådgjevar Ann-Cathrin Berge Kleppa er kommunen sin kontaktperson for dette tilsynet.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til tilsynsleiar Liv Svendal.

Med helsing

Hallgeir Bø
ass. utdanningsdirektør

Liv Svendal
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Liv Svendal
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 43
E-post: fmrolsv@fylkesmannen.no

Vedlegg: Oversyn over dokumentasjonen Fylkesmannen ber om.